

Haram vidaregåande skule

AVFALLSPLAN

Avfallsplanen er utarbeidd i samsvar med lover og føresegner, krav i høve til HMT og krav sette for sertifisering som Miljøfyrtårn.

Skulen har som mål å redusere veksten i avfallsmengda og ha ein gjenvinningsgrad på 60 % innan 31.01.2010. Gjennom praksis og god organisering og informasjon skal skulen skape haldingar som påverkar alle brukarar av skulen til å tenke og handle målmedvite og ansvarsfullt til beste for miljøet – lokalt og globalt.

Saman med ei gjennomtenkt drift og ressursbruk,

skal skulen si ordning for innsamling, sortering og gjenvinning av avfall gi ønskete miljømessige verknader.

Avfallsplanen seier korleis avfallet blir innsamla og vidarehandsama. Den skal hjelp til med og legge til rette for god orden, reinsemd og hygiene ved skulen, og gi best mogleg trivsel og helse for alle som brukar skulen. Vidare skal planen hjelp til med å ta vare på uteområde, bygningar, utstyr og materiell. Avfallsplanen skal verke saman med skulen sine ordningar med ordenselevar, ordensgrupper, ryddedagar etc.

| FRAKSJONAR | INNSAMLING | TØMMING/ HENTING |
|---|---|--|
| Batteri | Blir samla i pappesker og på pallar på kompressor-rom. Ev. først i egne pappesker på spesialrom. | På bestilling ved behov med flatvogn |
| Drivstoffrestar (7023) | Oppsamling på kanner a 10 l, plassert på miljøpalle med oppsamlingsordning, plassert i lagerrom i austre del av mekanisk verkstad. | På bestilling ved behov med flatvogn |
| EE-avfall (elektronikk-avfall) | Blir samla i 1 stk. behaldar a 660 l utanfor avfallsrom. Behaldarane blir bytta med ny ved tømning. | På bestilling ved behov med flatvogn |
| Glass (blanda) | Skal bringast til avfallsrom og leggest i 1 stk. behaldar på 140 l. (Krus/keramikk er restavfall). | På bestilling ved behov med flatvogn |
| Jarn, stål/metall | Blir samla i 1 stk. open kombikonteiner på 8 m ³ , plassert utanfor avfallsrommet. Alt metall blir samla i same konteiner utan sortering. Konteineren blir bytta med ny ved tømning. | På bestilling ved behov med liftbil. |
| Kjemikaliar | Blir samla på 3 behaldarar på kjemi/bilologi/førebuingsrommet: -Gul trakt: Flytande organisk avfall (brennbar). Avfallsgruppe H -Blå trakt: Flytande uorganisk avfall – basisk. Avfallsgruppe X -Raud trakt: Flytande uorganisk avfall – surt. Avfallsgruppe X | På bestilling ved behov med flatvogn |
| Kjøleolje/ kjølevæske (7042) | Oppsamling på 1 stk. fat på 200 l plassert på miljøpalle med oppsamlingsordning, plassert i lagerrom i austre del av mekanisk verkstad. | På bestilling ved behov med flatvogn |
| Lysstoffrør | Vaktmeister samlar dette i pappesker i kompressor-rom (innanfor avfallsrom). | På bestilling ved behov med flatvogn |
| Malingsrestar | Vaktmeister plasserer dette i pappkasse på kompressor-rom | På bestilling ved behov med flatvogn |
| Organiske løysemiddel utan halogen (tynnar, lakk etc.) | Oppsamling på kanner a 10 liter, plassert på miljøpalle med oppsamlingsordning, plassert i lagerrom i austre del av mekanisk verkstad. | På bestilling ved behov med flatvogn |
| Papir/kontorpapir (irekna aviser, bøker o.l.) | Blir samla i pappesker på alle rom, og (etter reinhaldsplan) tømt over i 2 stk. behaldarar a 360 l i avfallsrom. På kopirom blir det papiret samla i ein behaldar a 140 l. (Tørkepapir er restavfall!) | Ved behov annankvar måndag med komprimatorbil i rute. |
| Papp, kartong (flatpakka) | Skal bringast til avfallsrom (rom 116), eller dersom plassert i gang; samlar vaktmeister/reinhaldarar opp dette. Vaktmeister flatpakkar og samlar det i 1 stk. lukka/låsbar liftkonteiner på 8 m ³ , plassert utanfor avfallsrom. | På bestilling ved behov på tysdagar med komprimatorbil |
| Plastfolie | Skal bringast til avfallsrom. Vaktmeister samlar det i perforerte, BLANKE sekkar a 240 l. Sekkane blir lagde i pappkonteineren ved henting. | På bestilling ved behov på tysdagar med komprimatorbil |

| | | |
|--|---|---|
| Plast (flasker, kanner, brett etc.) | Skal bringast til avfallsrom. Vaktmeister samlar det i RAUDE, perforerte sekkar a 240 l. | På bestilling ved behov med flatvogn |
| Radioaktivt kjelder | Er forsvarleg lagra og merka på fysikkrom. Blir levert attende til leverandør/seljar. | Ved behov |
| Restavfall (blanda) (tilgrisa papir, drikkekartongar, matavfall) | Blir samla i avfallsbøtter på alle rom, og (etter reinhaldsplanen) tømt over i 2 stk. behaldarar a 660 l utanfor avfallsrommet. | Kvar tysdag med Komprimatorbil |
| Sand frå sandfang /sandkummar | Blir tømt av sugebil. | På bestilling ved behov av sugebil i rute |
| Spillolje - refunderberettiget (7011) | Oppsamling på 1 stk. fat på 200 l plassert på miljøpalle med oppsamlingsordning for 4 fat, plassert i lagerrom i austre del av mekanisk verkstad. | På bestilling ved behov med flatvogn |
| Sprayflasker (7055) (tomme) | Oppsamling i pappesker på kompressorrom. | På bestilling ved behov med flatvogn |
| Trevirke | Blir stabla på oppsamlingsplass ute ved konteinerane utanfor avfallsrom. | På bestilling ved behov med flatvogn |

Avfallsplanen er godkjent av Skulemiljøutvalet i møte 29.01.2007 og Arbeidsmiljøutvalet i møte 14.02.2007

Brattvåg, 15. februar 2007

Jøstein Taftø
rektor



Avfallsbøtte



Eske for returpapir



Boss-sekk for restavfall



Eske for batteri



Eske for lysstoffrør



140 l



240 l



360 l



660 l



Lift-konteiner



Kombi-konteiner



Miljø-palle



ICB-konteiner



Dunkar biologi/kjemi